



Flott gjeng på prøveblåsing i fjor.

**Søknadsfristen for å søkja opptak i Kvinnherad kulturskule er 15.april. Derfor arrangerer Uskedal skulemusikk prøveblåsing på messinginstrument tirsdag 4.april kl.17.30 for dei som ønskjer å verta aspirantar til skulemusikken det komande skuleåret. Aspirantane er nemleg elevar i kulturskulen, ei ordning som har fungert i mange år.**

Prøveblåsinga vert på skulekjøkkenet på Uskedal skule. Til den vert alle som skal gå i 3. og 4.klasse neste år invitert. Dersom det er nokre frå nabobygdene som vil koma å prøva, er det veldig kjekt. I tillegg til at dei får prøve å blåsa på messinginstrument i ulik storleik, vert det også informasjon om korleis det er å vera aspirant og seinare korpsmedlem. Dessutan vert det enkel servering. Dei får også høyra litt på korpsset som øver.

I år er det 6 flinke aspirantar som øver like etter skuletid. Lærer er Linas Dakinevicius. Han har hatt aspirantane dei siste åra, og han er både kjekk og flink. Han er veldig flink å spela, og søndag skal han forresten vera solist på waldhorn med Sunnhordland kammerorkester på ein konsert i Rosendal samfunnshus.

Styret i skulemusikken håpar at mange kjem og vil prøva instrument tirsdag 4.april kl.17.30 slik at det kan verta endå fleire i den kjekke gjengen i skulemusikken. Kanskje vert det like mange aspirantar som dette året? Det hadde vore TOPP!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland